



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	05.08.2021	112096/2021/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	25.08.2021

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Reistad småbåthamn - gbnr 193/1 - fråsegn til avgrensa høyring

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld korrigeret planforslag for Reistad småbåthamn i Vestnes kommune.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Møre og Romsdal fylkeskommune ga uttale til offentleg ettersyn av planframlegget i brev datert 20.05.2021. Der råde vi mellom anna til at området burde vore lagt under ei samla regulering. Våre merknader ved første gangs utlegging og offentleg ettersyn av planforslaget er framleis gjeldande.

Samferdsel

Vi tek til etterretning at reguleringsplanforslaget ikkje vil endre trafikken til og frå området i vesentleg grad. Som nemnt i tidlegare fråsegn til reguleringsplanforslaget kan det ut i frå vegfoto sjå ut som at sikta i krysset frå den kommunale vegen til fv. 5986 kan vere noko utfordrande på grunn av terrengforskjell, sideterreng, rekkverk og skilt i frisktsona. Det har ikkje i reguleringsplanforslaget blitt gjort ei vurdering av sikt og geometrisk utforming av kryss ved fylkesveg 5986.

Vi vil likevel ikkje stille krav til dette, sidan planen er ei stadfesting av situasjonen i dag.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til den omarbeida planen med reviderte føresegn og kommunen kan eigengodkjenne planen slik den ligg føre.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Kystverket
Fiskeridirektoratet
NVE